



Alver kommune Plan og byggesak
plan og byggesak v/ Larissa Dahl
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: aa891b5f-eb5d-49a8-
9e1e-325ba6139cfb
Vår: 21/5039 - 21/37976

Saksbehandlar:

Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

04.06.2021

Uttale frå landbruk til søknad om ny avkjørsle dispensasjon frå reguleringsplan gbnr 106/17 Fanebust

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av ny avkjørsel frå fylkesveg 5470 til ny driftsbygg. Avkjørsel er ikkje regulert i planen og dermed krev tiltaket dispensasjon frå planen.

Siv Marit og Marius Rødland er mjølkeprodusentar på Fanebust. Dei har søkt og fått støtte frå innovasjon norge til å byggja ny driftsbygning. Det nye bygget er plassert like ved tunet, men med eigen tilkomstveg for å bidra til ein enklare og tryggare tilkomst.

Som søkjar skriv at vegen fram til tunet er tilkomst til to andre hus og at i dag må større bilar rygga frå hovedvegen og opp til driftsbygningen. Dette er ei dårleg løysing sett frå landbruket si side. Sjølv om det vert drive næringsverksemd på garden er den i tillegg bustad for familien og oppveksstad for borna. Trafikktryggleik er like viktig i landbruket som andre stader. Sjølv om ikkje trafikken aukar vil den nye vegen leggja til rette for betre tryggleik og logistikk med transport til og frå driftsbygning både for garden sin eigen trafikk og for mjølkebil, kraftforlevering m.m.

Dei gamle tuna i området vart etablert for 100 år sidan då hest og kjerre var transportmiddel, og dei fungerte godt i den tida. Ei moderne landbruksdrift med traktorar og lastebilar krev andre løysingar, og me meiner at søkjar har funne eit godt alternativ til både plassering av driftsbygning og ny avkjørsel. Dette vil i tillegg flytta trafikken lenger vekk frå den Trondhjemske postvegen og gje eit betre alternativ for å ta vare på kulturminne. Tiltaket er i tråd med landbruksføremål i reguleringsplan.

ME rår til at det vert gitt dispensasjon frå plan.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906 FREKHAUG